



Vår referanse:
24/4163, 24/18387

Arkivkode:

Dato:
23.02.2024

Forskrift om permisjon frå skulen i Ålesund kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Ålesund kommune 20.juni 2024 med heimel lov 09.juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 2-2.

§ 1 Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva retningslinjer som gjeld for søknad om fri/permisjon frå skulen utanom dei oppsette ferie og fridagane gjennom skuleåret.

Forskrifta gjeld for alle dei kommunale grunnskulane i Ålesund kommune.

§ 2 Forsvarligheit

Elevar kan kun få permisjon dersom opplæringa samla sett er forsvarleg.

§ 3 Faste prøver

Det skal ikkje innvilgast permisjon i periodar med:

- Statlege kartleggingsprøvar
- Nasjonale prøver
- Eksamenar og tentamenar, skriftleg og munnleg, inkludert førebuingstid

§ 4 Øvre grense for permisjon per skuleår

Elevar kan ikkje få permisjon i meir enn 10 skuledagar per skuleår.

§ 5 Permisjon i 1-3 dagar per skuleår

Søknad om permisjon i 1-3 dagar i løpet av eit skuleår skal innvilgast, dersom vilkåra i §§ 2-4 er oppfylt.

§ 6 Permisjon i 4-10 dagar per skuleår

Søknad om permisjon i 4 – 10 dagar skal innvilgast , dersom vilkåra i §§ 2 -4 er oppfylt og tungtvegande grunnar talar for det. Tungtvegande grunnar kan t.d. vere spesielle arrangement eller markeringar knytt til politisk arbeid, organisasjonsarbeid eller familie, deltaking i idrettsleg eller kulturell konkurranse / stemne / treningssamling på regionalt, nasjonalt eller internasjonalt

nivå, samt i forbindelse med utøving av sentrale verv i politiske eller andre landsdekkende organisasjonar / politisk arbeid på nasjonalt eller internasjonalt nivå.

§ 7 Sakshandsaming

- Søknad om fritak/permisjon frå skolen skal skrivast på fastsett skjema, og normalt sendast vedkommende skole seinast fire veker før eleven sin aktuelle permisjon startar.
- Unntaket frå denne regelen er søknadar om fri for ein dag. Slike søknader kan sendast direkte til kontaktlærer gjennom dei kanalar ein bruker til kommunikasjon. Kontaktlærer behandlar slike søknader ut frå dei generelle forutsetningane for å kunne søke om permisjon/fri, slik desse er beskriver i dette reglementet.
- Vedtak om fritak/permisjon frå skolen er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova.

§ 8 Ikraftsetjing

Forskrifta vert gjort gjeldande frå 01.08.2024.